

## Besøksstrategi for Hestad landskapsvernområde

### 1. Innleiing

Besøksstrategien skal leggje til rette for å gi besøkande ei god oppleving av naturen og kulturlandskapet med Hestad kapell i landskapsvernområdet på ein måte som også tek vare på verneverdiane.

#### 1.1 Formål

Området omfattar Hestad kapell og området omkring, det smale eidet mellom Viksdalsvatnet og Hestadfjorden i Gaularvassdraget. Hestad kapell er ei lita tjørebreidd trekyrkje som Fortidsminneforeningen eig. Den eldste delen av kapellet er frå mellomalderen. Parkering for kyrkja (ved gudstenest og arrangement er ved Hestadgrend bedehus ca. 400 meter unna, utanfor landskapsvernområdet. Kring kyrkja går ein gamal mur med ein liten gravplass på eine sida. Landtunga er skogkledd med ein del furu saman med ymse lauvtreslag. Attmed landtunga er det langgrunn og fin sandstrand. Landskapsbiletet er særst vakkert med høge fjell kring vatnet. Fylkesveg 610, som er ein av dei nasjonale turistvegane, går gjennom landtunga frå sør til nord. Nasjonal turistveg har ein rasteplass med toalett i landskapsvernområdet. Hestad landskapsvernområde har store natur- og kulturverdiar og mykje ferdsel. Dette gjeld særleg om sommaren når det på finversdagar er mykje badeliv, i tilknytning til bruk og omvising i Hestad kapell, og på rasteplassen til Nasjonal Turistveg. Det er behov for informasjon og styring av ferdsla. Landskapsvernområdet er svært lett tilgjengeleg.

#### 1.2 Kort om rammeverk

Rammene for besøksstrategien er naturmangfaldlova og verneforskrifta for området. Då Hestad kapell og kyrkjegarden er eit freda kulturminne, er også kulturminnelova ein del av rammeverket.

## 2. Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er godt. Hestad landskapsvernområde ligg på ei lang og smal landtunge mellom Viksdalsvatnet og Hestadfjorden, som er ein viktig del av Gaularvassdraget, som er verna mot kraftutbygging. Den nesten 500 meter lange landtunga som utgjør landskapsvernområdet, er lagvis bygd opp av sortert grus, grov sand og stein. Ryggen er opp til 40 meter brei og hevar seg 5-6 meter over vassflata. Den er avsett ved slutten av istida for rundt 9000 år sidan. Det vart gjort ei botanisk kartlegging av landskapsvernområdet i 2023.

Hestad landskapsvernområde vart oppretta 22.10.1971, som det første landskapsvernområdet i Norge, i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern.

Føremålet med landskapsvernområdet er *«å verna det særmerkte i eit vakkert natur- og kulturlandskap som ramme om eit kulturminne»*.

## 2.1 Sårbare naturverdiar

Naturverdiane i Hestad landskapsvernområde er truga av

- framande artar som innplanta gran utanfor naturreservatet
- vegtrafikk på Fv 610 som uroar i heile landskapsvernområdet
- parkering i vegkanten på FV 610 er ikkje ønskjeleg og heller ikkje akseptabelt av omsyn til vegetasjonen i landskapsvernområdet (og av omsyn til trafikktryggleiken).
- stor ferdsel til fots dersom denne ikkje følgjer gangvegane
- flaum i Gaularvassdraget

Området er lite og lett tilgjengeleg, og det er best for natur- og kulturminneverdiane her at folk ferdist på dei gode stiane og gangvegane av grus. Sjeldne planter som veks like ved desse ferdselsvegane kan vere truga av plukking, men vi vurderer ikkje dette som eit problem.

## 2.2 Reiselivet

Hestad landskapsvernområde er godt kjent for reiselivet. Området er mykje brukt som friluftslivområde, spesielt om sommaren for badeliv. Her ligg også ein rasteplass i regi av Nasjonal turistveg, med toalett, benkar og informasjon. Området vert såleis brukt året rundt. Hestad kapell er i bruk til gudsteneste, bryllaup, konsertar og ulike arrangement, og for omvising, det siste mest i sommarhalvåret. Den omfattande bruken gjer det er viktig å få på plass informasjon og å kanalisere ferdsla til gangvegane i området.

## 2.3 Kven og kva

Informasjon og tilrettelegging vil vere positivt både for dei som bur i nærleiken, og for reiselivet.

## 3. Mål

### 3.1 Mål med besøksforvaltning

Målet er å gi informasjon om natur- og kulturverdiane i området, leggje til rette for ei god oppleving for dei besøkande, og gjere det så attraktivt at det er positivt for reiselivet i området, og auke trafikktryggleiken for gåande.

### 3.2 Strategiske grep

Det er viktig å gi god informasjon til alle som besøker Hestad landskapsvernområde. Informasjon bør setjast opp ved rasteplassen til Nasjonal turistveg.

Parkering i området skjer på P-plass ved Hestadgrend bedehus som ligg utanfor landskapsvernområdet, i nord. Det er avgrensa tal p-plasser her. Når P-plassen er full, er det mange som parkerer langs Fv 610 i verneområdet, noko som kan skape trafikkfarlege situasjonar.

Ferdsla vert styrt til stiar og gangvegar som er i landskapsvernområdet, og til rasteplassen til Nasjonal Turistveg. Ein må så langt som mogleg unngå ferdsel til fots langs Fv 610, og redusere og gjerne samle kryssing over Fv 610.

Det er eit mål å få nedsett fartsgrensa frå dagens 80 km/t gjennom landskapsvernområdet.

#### **4. Tiltaksplan**

Ein informasjonsplakat om landskapsvernområdet er sett opp av Nasjonal Turistveg ved rasteplassen i nord der det er benkar og toalett. Her er det dei tilreisande stoppar når dei kjem på Nasjonal turistveg, og fastbuande oppheld seg når det er badeliv i området ulike utandørs arrangement. I tillegg har Nasjonal Turistveg sett opp ein informasjonsplakat om Hestad kapell ved kapellet.

Det er i tillegg behov for å samle informasjon om landskapsvernområdet og anna (fiske, bålforbod og parkering) som i dag er på to tavler og som står ved rasteplassen i dag. Ei tavle med informasjonsplakat skal setjast opp i tråd med Miljødirektoratet sin mal og skal stå ved rasteplassen. Dette for å få eit ryddigare og meir heilskapleg design (ansvarleg Statsforvaltaren) i høve til dei to plakatane som står her i dag. Denne må ha informasjon også om forbod mot open eld og at fising i Hestadfjorden og Viksdalsvatnet krev kjøp av fiskekort.

Det er behov for årleg stell langs gangvegane i landskapsvernområdet (ansvarleg Statsforvaltaren i samarbeid med Statens naturoppsyn og Hestadgrend grendalag).

Det er ønskjeleg med nedsett fartsgrense gjennom Hestad landskapsvernområde (frå 80 km/t i 2024).

Det er behov for plukking av avfall langs Fv 610 (ansvarleg Statens vegvesen).

Vedlikehald av Hestad kapell med kyrkjegarden er det Fortidsminneforeningen som er ansvarleg for.